


Kollektivtilbod i Ålesund etter omlegging bypakke

27. April 2023



Plan for utvikling av busstilbudet i Ålesund byområde fram mot 2030

Utviklingsprosjektet

Prosjektet *Utviklingsplan kollektivtransport Ålesund* omhandlar bybuss-tilbudet i Ålesund. Dei ulike tiltaka for kollektivtrafikken i desse områda vil òg få stor effekt for reisande til og frå områda utanfor. Prosjektet har sett på tiltak både på kort og lang sikt med tanke på å nå dei vedtatte måla for kollektivtrafikken i Ålesund:

- Høgare kollektivandel
- Kortare framføringstid for kollektivtrafikken
- Kortare reisetid kollektiv samanlikna med bil, jamfør med situasjonen i dag

Prosjektet bygger på COWI-rapporten frå 2018

- COWI-rapporten «Framtidige kollektivkonsept i Ålesund» frå 2018 er grunnlaget som la til rette for vedtak om å utvikle kollektivtilbudet i Ålesund etter konseptet *prioritert buss*. Rapporten beskriv ei rekke ulike tiltak som kan bidra til å auke bussen sin konkurransekraft.

Prosjektet har søkt Miljødirektoratet og fått midlar frå klimasats til arbeidet.

- Midla er nytta til å leiga inn konsulentselskapet **Strategisk Ruteplan AS**. Dei har særleg gjennomgått driftstilbudet i Ålesund og sett på samanhengen mellom infrastrukturtiltak og endra driftstilbod. Vidare har dei greidd ut marknadsføring- og kommunikasjonstiltak som vil vera viktig for å nå dei overordna måla for kollektivtiltak i Ålesund.

Konkurransen bil/buss – Ålesund sentrum


	<u>Reisetid</u> <u>kollektiv</u> <u>(min)</u>	<u>Reisetid</u> <u>bil (min)</u>	<u>Faktor</u>
<u>Sævollen</u>	51	20	2,6
<u>Slinningsodden</u>	56	20	2,8
<u>Osane</u>	34	16	2,1
<u>Campus Ålesund</u>	28	17	1,6
<u>Ålesund sykehus</u>	41	21	2,0
<u>Lerstad, Rabbevågskiftet</u>	36	21	1,7
<u>Moa</u>	36	23	1,6
<u>Spjelkavik sentrum</u>	47	25	1,9
<u>Myrland snuplass</u>	76	29	2,6
<u>Flisnes</u>	55	29	1,9
<u>Magerholm ferjekai</u>	66	34	1,9

Tabellen viser konkurranseforholdet mellom buss og bil til Ålesund rutebilstasjon/St. Olavs plass. Oversikta viser at kollektivtrafikken konkurrerer god med bil frå Moa, Lerstad og Campus, medan reisetida frå Myrland og Hessa er for høg på buss. Det siste kjem bl.a. av reguleringstid på buss på Moa trafikkterminal og Osane

Tiltak


Tiltak	Verknad
Høg frekvens	Frekvens erstattar korrespondanse bybussnettet. Dersom det er avgangar oftare enn kvart 15 minutt, vil kundane kunne velje avgangar som passar med vidare reise.
Unngå korrespondansar	Uavhengigheit mellom dei ulike linjene er ein føresetnad for effektiv drift i krevjande trafikk. Det betyr at korrespondanse mellom dei ulike rutene i eit bybuss-nettverk ikkje skal være nødvendig.
Fast trase	unngå variasjonar gjennom driftsdøgnet og ha mest mogeleg same trasé på dagtid, kveld og helg.
Pendel ruter	Pendelruter betyr same trasé i begge retningar og regulering ved snuplass/endestopp.
Gateterminal i sentrum og på Moa	Ved å bruke stopp i Borgundvegen ved Moa og gateterminal i sentrum blir reisetida redusert for reisande som reiser gjennom knutepunkta.
Enkel rutenummerering	Med færre rutenummer blir det enklare å forstå tilbodet.

Linje 1 Sævollen/Slinningsodden – Ålesund sentrum – Åse – Myrland snuplass



Reguleringstid på endestoppa, gateterminal Brosund, gateterminal Keiser Wilhelmgate, Sjukehuslomma oppe og gateterminal Moa

Linje 2 Ålesund sentrum – Magerholm/Flisnes



Andre ruter etter omlegging

Rutetabellar

- [1 Hessa-Myrland](#) (gjeld frå 11.04.23 og inntil vidare)
- [2 Ålesund-Lerstad-Magerholm](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [3 Ålesund-Valderøya-Vigra](#) (gjeld frå 27.02.23 og inntil vidare)
- [4 Langevåg-Fiskarstrand-Moa-Ålesund](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [10 Fjelltun](#) (gjeld frå 05.09.22 og inntil vidare)
- [11 Larsgården](#) (gjeld frå 22.08.22 og inntil vidare)
- [12 Sentrum-Lerstad-Moa-Fremmerholen](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [13 Olsvik-Moa-Furmyr](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [14 Humla](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [15 Glomset](#) (gjeld frå 22.08.22 og inntil vidare)
- [16 Brusdal](#) (gjeld frå 27.02.23 og inntil vidare)
- [17 Moa-Utvik-Skodje](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [18 Serviceruta](#) (gjeld frå 22.08.22 og inntil vidare)
- [21 Nattbuss Ålesund](#) (gjeld frå 27.02.23 og inntil vidare)
- [31 Ålesund-Ellingsøya](#) (gjeld frå 27.02.23 og inntil vidare)
- [32 Ålesund-Godøya](#) (gjeld frå 27.03.23 og inntil vidare)
- [41 Sulesund-Mauseidvåg](#) (gjeld frå 10.04.23 og inntil vidare)


Gateterminal Moa



- Reduksjon av reisetid ved å ikke køyre via Moa trafikkterminal
 - Stor effekt i rushtrafikken
- Korrespondanse mellom bybusslinjene
 - Korrespondanse mot dei fleste distriktsbussane på Spjelkavikskiftet
- Erfaringane er gode

Nye busslommer ved sjukehuset

- Bussen kører ikke ned til sjukehuset
- Parkeringshus med heis
- Hovedinngang sjukehuset flyttast mot nord
- Same gangtid som i dag
- Redusert reisetid buss, særlig i rushperiodene



Ålesund sentrum

